

Lokal forskrift om lovfesta feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg - Volda kommune

§ 1. Formål.

Forskrifta har som formål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg, slik at sannsynet for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp, med risiko for spredning til bygning, vert redusert så mykje som mogleg.

Forskrifta skal regulere gebyrordninga for feiing og tilsyn til kommunen samt tilleggstenester innan brannførebygging i bustadar med fyringsanlegg.

§ 2. Heimel.

Forskrifta er utarbeidd med heimel i lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 og forskrift om brannførebygging av 17. desember 2015 § 17.

§ 3. Virkeområde.

Den lokale forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg i Volda kommune.

§ 4. Definisjonar.

Blending: fyringsanlegg som ikkje kan nyttast etter plombering eller varig tetting.

Brannobjekt: bustader, fritidsbustader, verksemd, konstruksjonar, anlegg m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og materielle verdiar.

Brukar: den som i eigenskap av eigar eller i høve avtale med eigar har bruksrett og nyttar seg av denne retten.

Eigar: den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt.

Eining: sjølvstendig del av eit byggverk som blir oppvarma med fyringsanlegg, til dømes bueining i fleirmannsbustad.

Feiing: reingjering av røykkanalar og uttak av sot.

Fyringsanlegg: omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele der varme skal verte produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykanal og matesystem for brensel.

Matesystem: anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.

Røykløp: kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrøyr og skorstein.

Skorstein: vertikal del av fyringsanlegget og kan innehalde fleire røykkanalar.

Tilsyn: kontroll med at fyringsanlegget er intakt, fungera som føresettt og er tilfredstillande sikra mot brann og anna skade. Feiar/tilsynsperson kan også få oppgåver som å kontrollere at det i brannobjekt er deteksjon (røykvarslar), sløkkeutstyr og tilfredstillande moglegeheit for rømming ved brann.

§ 5. Hyppigheit for feiing.

For å hindre brann eller andre brannrelaterte skadar skal feiing utførast etter behov. Brannsjefen fastset feiefrekvensen for det enkelte fyringsanlegg med grunnlag i tidlegare gjennomførde feiingar og tilsyn, samt ut frå fyringsanlegget sin tilstand, omfang og art.

§ 5-1. Bustader.

Feiing skal utførast etter behov men minst 6. kvart år.

§ 5-2. Fritidsbustader.

Feiing skal utførast etter behov men minst kvart 8. kvart år. Fritidsbustadar som skal vere med i feieordninga kan liggje maksimalt 200 meter gangavstand frå køyrbar bilveg. For fritidsbustadar og hytter som ligg lenger unna køyrbar veg må det inngåast skriftleg avtale mellom objektigar og kommunen – som ivaretek branntryggleiken i objektet på ein tilfredsstillande måte.

§ 6. Hyppigheit for tilsyn.

Tilsyn med fyringsanlegg skal utførast etter behov, normalt med ein frekvens på kvart 6. år. Dersom det ved tidlegare tilsyn ikkje har vore avdekka avvik eller manglar kan brannsjefen tilby objektigar å gjennomføre tilsynet som eigenmelding.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegget skal det alltid og snarast mogleg gjennomførast tilsyn.

§ 7. Gebyr for feiing og tilsyn.

Gebyr for feiing og tilsyn vert fastsett etter vedtak av kommunestyret. Det skal krevjast inn gebyr for alle einingar som har fyringsanlegg, uavhengig av om desse er i regelmessig bruk eller ikkje. Gebyrplikta er ikkje knytt til tidspunktet for gjennomføring av feiing og/eller tilsyn, og kan krevjast inn sjølv om tenesta ikkje er utført når:

- Feiaren finn ved inspeksjon av røykkanalar at feiing ikkje er naudsynt.
- Feiaren etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har tilfredsstillande tilgang til skorstein og/eller fyringsanlegget.
- Feiaren ikkje har fått tilbakemelding om at feiing kan utførast.
- Huseigar/represntant for huseigar ikkje møter til avtalt tid for tilsyn.

§ 7-1. Fritak for gebyr.

Etter skriftleg søknad og kommunen si godkjenning av denne, kan det gjevast fritak for feie- og tilsynsgebyr i følgjande tilfelle:

- Bygninga har ikkje montert fyringsanlegg
- Fyringsanlegget er fråkopla og blenda.
- Einingar som ikkje blir nytta til overnatting.

Huseigar pliktar å melde frå til når:

- Fyringsanlegget/eldstad vert installert (meldepliktig til kommunen).
- Det vert gjort vesentlege endringar på anlegget/eldstaden (søknadspliktig tiltak).
- Fyringsanlegg/eldstad vert tilkopla att eller skorsteinen blir blenda.

Dersom huseigar/brukar let vere å melde installasjon/tilkopling av fyringsanlegg/eldstad eller fjerning av blending, kan kommunen krevje gebyr etterbetalt frå det tidspunktet fritaket vart gjeve.

§ 8. Andre tenester.

Eigar av fyringsanlegg som ønskjer feiing eller tilsyn utanom det lovpålagte, fjerning av beksot, inspeksjon av skorstein eller liknande, må sjølv ta kontakt med feiarvesenet i kommunen og avtale tidspunkt. Slike tenester vert utført etter egne gebyrsatsar.

§ 9. Plikter hjå huseigar og brukar.

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid. Eigar skal, etter varsel om feiing, syte for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan verte utført på ein tilfredstillande måte.

Eigar av bygning der feiing vert utført frå tak, skal syte for at feiaren har trygg og tilfredstillande tilkomst opp til, og på taket. Eigar skal syte for at føreskriven stige opp til tak er lagt fram tett attmed takstigen og er tilgjengeleg for feiar, der gesimshøgda er meir enn 5 meter skal det være montert stigefeste . Føreskriven takstige eller trinn skal festast i samsvar med forskrift. Tilkomst til tak skal sikrast mot utskliing.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/representant syte for at feiar har tilfredstillande tilkomst til røykløp. Dette kan td. vere feieluke på loft. Ved innvendig tilkomst for feiing, må eigar/representant vere til stades under feiing.

§ 10. Feiaren sine plikter.

Feiing skal utførast på ein fagleg tilfredstillande måte med minst mogleg ulempe for huseigar/brukar. Etter avslutta feiing skal feiaren syte for at sot vert fjerna og deponert på eigna stad, enten av feiaren sjølv eller av eigar/representant for eigar.

Under feiing og tilsyn skal feiaren vurdere tilkomsten til fyringsanlegget og forhold ved dette anlegget som har innverknad for branntryggleiken. Ved avvik som ikkje kan rettast på staden, skal feiaren gje skriftleg attendemelding til eigaren med frist for retting eller attendemelding om når retting blir gjennomført. Dersom retting ikkje blir gjennomført, skal tilsynsmyndet gje naudsynte pålegg.

§ 11. Handheving og sanksjonar.

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal vere utført i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova kapittel 7. Dersom fyringsanlegget eller skorsteinen er i ein slik tilstand at det medfører brannfare å bruke anlegget kan det leggjast ned fyringsforbod. Det same gjeld dersom fyringanlegget eller skorsteinen ikkje er gjort tilgjengeleg for feiing og tilsyn.

§ 12. Klage.

Vedtak gjort av lokalt tilsynsmynde i medhald av denne forskrifta kan klagast på til Volda kommune. Klaga skal vere skriftleg. Handsaming av klager følgjer regelverk gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).

§ 13. Forskrifta trer i kraft.

Denne forskrifta vert sett i kraft 01.01.2020.